



Referat frå SU-møte tysdag 14.03.17 kl.18.00-20.00

Elevrepresentantar	<ul style="list-style-type: none">• Leiar: Sunniva Aafløy Bredesen• Nestleiar: Åsne Gunvaldjord
Foreldrerepresentantar	Lise Halvorsen (leiar FAU) Mona Mundal (nestleiar FAU)
Lærarrepresentant	Henriette Haug
Repr for andre tilsette	Gro Anita Underdahl.
Kommunestyre repr	Hanne Nordgaard (Jarle Kittilså)
Repr skulen / kommunen	Ingunn Flatland

- **Kl. 18.00-20.00.**
- **Personalrommet på barneskulen.**
- **Vaflar! IF bakar. Andre tek med syltetøy og rømme! Nei, i dag blir det kake!**
- **Dersom du ikkje kan møte, må du be vara om å stille.**

1. Godkjenning av innkallinga: OK

2. Godkjenning av referatet frå 06.12.16: OK

3. Elevrådet orienterer om arbeidet sitt:

- Planlegg elevkveld 15.03.17. 7.kllatdal kjem på elevkvelden.
- Møte: Skal vi kjøpe inn fleire akebrett? Ikkje heilt avgjort enda.
- Lydanlegget i samlingsrommet er på plass. Veldig bra.
- Sommarfesten i juni: Elevrådet skal selje lodd på festen og delta i trekkinga.
- Elevrådet gav litt ekstra julegåve til fadderbarna. Kr.1000 til kvar.

4. Tilbakemelding frå FAU-møtet 01.03.17 (Lise)

- 7.kl er fadrar for nye 1.klassisnagar. Skulen skal drøfte nokre av rutinane.
- Betre lys ved fotgjengarovergangen ved hotellet: Lise tek kontakt med teknisk sjef.
- I vår skal **Nettvett** tema på alle foreldremøte.
- Skulen har fått ekstra pengar til SALTO-bøker til 1.-4.trinn. FAU kjem med innspel om pengar til SALTO til 5.-7.trinn. Personalet i 1.-4.trinn svært nøgd med læreverket. Dessutan skal ein lærar frå kvart trinn på kurs SALTO 1-4 og SALTO 5-7. Deretter kursar dei resten av personalet på skulen. Kursa er i Larvik og på Gardermoen. FAU kjem til å kome med innspel til politikarane om ekstra bevillingar til innkjøp av SALTO 5-7. Det ville vere veldig fint om vi kunne ha bøkene frå oppstart hausten 2017.
- FAU: Pengar frå sommarfesten blir bruka til å handle inn nye bøker til biblioteket. FAU har alt bruka 17000 kr.
- Elevundersøkinga hausten 2016: Mobbing: 4,7. Resultatet er vi veldig nøgde med. Men det er ingen grunn til å slappe av i timen. Veldig viktig at heim og



Seljord barneskule

21.03.17

skule er gode til å gje kvarandre informasjon. Det kan vere med på å avdekke mobbing. Vidare er samarbeidet heim-skule særdeles viktig.

- Frå hausten 2018: 5 dagars veke for alle.
- Frå hausten 2017: 5.kl på skulen alle dagar heile året.
- FAU hadde innspel om at bassenget kunne vere lengre ope. Fekk greitt svar frå kommunesestyret, om at det let seg ikkje gjere av økonomiske grunnar.
- Leselogg på alle trinn: Lese 15 min på skulen og 15min heime. Føresette kvitterar kvar dag. Lærar kvitterar fredag. På skulen merkar vi at elevane har meir leseglede.
- Planlegging av 17.mai er i gang.
- 7.juni: Sommarfesten på baksida skulen som i fjor.
- SFO ope i vinterferien: Mange elevar, mykje gode aktivitetar. Vellykka prøveprosjekt.
- Kjeldesortering i klasseromma: Skulen er i gang med å sjekke ut dette. Assisterande rektor arbeider med saka.
- IKT i skulen: S

5. Tilbakemelding elevundersøkinga (rektor):

Har du blitt mobba på skulen dei siste vekene? 4,7. Vi er veldig godt nøgd med resultatet. Samarbeid heim-skule er svært viktig for å førebyggje mobbing.

6. 5 dagars skuleveke for 5.kl frå hausten 2017.

7. 5 dagars skuleveke for alle frå hausten 2018 (rektor)

8. IKT i skulen:

Ekstrabevilgningane bruka skulen til innkjøp av ny pc-tralle med 24 pc-ar. Denne tralla står i 1.etg. I 2.etg er det 2 pc-traller. Plan for IKT skal reviderast.

9. Skulehage: Rektor orientera om skulehage.

10. Neste SU møte er tysdag 23.05.17 kl. 18.00-20.00

11. Eventuelt.

Lise Halvorsen, leiar

Ingunn Flatland, rektor.